

Danielsen Ungdomsskule, Osterøy

v/ rektor

Vår sakshandsamar
Geir Totland
996 42 600

Vår dato
04.10.2022
Dykkar dato

Vår referanse
21/00921-50
Dykkar referanse

Oppdrag til 9.klasse ved Danielsen Ungdomsskule Osterøy

Frå risiko til ressurs -hjort til bekymring og glede på Osterøy

Vestland Bondelag vil med dette be 9.kl. på DUO om eit samarbeid angående den auka utfordringa med hjortestamma på Osterøy.

Osterøy har ei stor og veksande hjortestamme. Dette er på fleire område ein risiko, både innanfor sjukdomsspreiing, trafikksikkerhet, nedbeiting og anna. For våre bønder i kommunen er det spesielt nedbeitinga som uroar oss mest. Hjorten et opp viktig avling som skal nyttast til vinterfôr for sauer, geit og storfe. I tillegg er nedtrakking og skit ei stor utfordring i høve kvaliteten på det graset ein klarar å få i hus.

Folk er avhengige av å kunne ha bønder som leverer god mjølk og kvalitetskjøt, og ha dyr som beitar og held naturlandskapet ope og fint for alle. Den aukande utfordringa med hjortedyra er ei risiko for at bønder ikkje ser seg tent med å driva garden sin slik dei gjer i dag.

På den andre sida veit me at hjorten òg kan vera ein ressurs for mange. Men det er få som nyttiggjer seg denne ressursen eller veit kva ein kan gjera for å nyttiggjera seg den.

På bakgrunn av dette så ønskjer Bondelaget at 9.kl. skal;

- Setta seg inn i utfordringa det er med nedbeiting frå hjort på Osterøy
- Delta aktivt i beskatting av hjortestamma
- Læra korleis ein slik risiko kan verta ein ressurs
- Læra viktig matkultur med utgangspunkt i hjortekjøt

Funna og erfaringane ønskjer me at de skal presentera for aktuelle gjestar innan mai-23. Tidspunkt og innhald for dette kan me koma attende til.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Lars Peter Taule

Geir Totland

Bondelagets Servicekontor AS

Norges Bondelag

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD
Bankkonto: 8101.05. 91392, **Org.nr.:** 985063001 MVA
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

Bankkonto: 8101.05.12891
Org.nr: 939678670